

Me har nett sett ein isbjørn som bykste mellom isflaka. Og han skulle eigentleg ikkje vere her på sumaren. Det gjer meg uroleg. Eg må mest vedgå det, her eg sit i ein nedlest kajakk.

Aust for den store breen

Eg er ikkje langt unna kysten som bondepartiregjeringa okkuperte sumaren 1932.



Aust-Grønland. Det er nesten eit vanskeleg omgrep i historia vår. Det var her me ville ha eit stykke land i mellomkrigstida. Det var eit ingenmannsland, sa dei norske folkerettsjuristane og hevda som historikar Halvdan Koht at norske sjøfolk og fangstmenn hadde «vunne Aust-Grønland for oss», og sikra at Noreg endeleg hadde fått «den lange ishavstrandane forfedrane våre tenkte seg i nord». Sjølv om danskane hadde sine koloniar på vestkysten, hadde dei ikkje råderett over heile denne enorme øya, meinte ishavsimperialistane og planta flagget på den barske kysten i juni 1931. Eg er rett nok lenger sør enn området dei kalla Eirik Raudes land, men ikkje langt unna kyststripa bondepartiregjeringa okkuperte sumaren 1932. Den norske grønlandsdraumen vart kortvarig. Noreg tapte mot Danmark i den internasjonale domstolen året etter.

Akkurat no tenkjer eg for så vidt ikkje på dei norske okkupertane, her eg sit i ein gul kajakk og speidar etter ein svolten isbjørn mellom isflaka. Og eg gjorde meg vel eigentleg ferdig med dei norske grønlandambisjonane medan eg var på vestkysten. Eg starta nemleg ferda mi med ein polarkonferanse i Ilulissat. Der lærde

eg mykje av dei danske og grønlandske kollegaene mine; om inuitkulturen, om Grønlands sjølvstendensne – og om det forsoningsprosjektet som går føre seg for å leggje ei sår kolonitid bak seg. Eg tenkte då at det var ei lykke at Noreg tapte saka i Haag. Men eg sa det ikkje høgt.

Eg lærde òg av dei vestgrønlandske venene mine at aust og vest på Grønland er to ulike verder. Og det er altså på denne *baksida* av øya me no padlar innover Semilikkfjorden.

Me har nett passert punktet der Nansen og kameratane hans fortvila dreiv forbi i to små robåtar natt til 19. juli 1888. Han ville som kjent inn til kysten for gå på ski over grønlandsisen, men ismengda som kom dundrande ut frå Polhavet var mykje større den gongen og sette ein effektivt stoppar for at denne kysten fekk vitjing frå omverda. Nansen vart fanga av straumen og dregen sørover i ei ti dagars dramatisk ferd. Han kunne ikkje anna enn å sjå lengselsfullt etter den store iskappa som låg bakom dei spisse fjella.

Det er denne naturen som har lokka meg og dei tre padlekameratane mine til Grønland. Blankskura fjell som reiser seg tusen meter opp frå djupe fjordar: Det er eit utsyn som kan ta pusten frå sjølv blaserte karar frå Nord-Noreg. Og alt har innfridd frå fyrste året. Himme-



len er knallblå, havet ligg blankt, brear kalvar i sjøen, og isfjella er større enn du greier å fange med kamerallinsa. Og me hadde knapt kome i båtane før me vart helsa velkomne av ein leiken knøkkval. Også var det denne isbjørnen, då, som me veit er ute her ein stad.

Samstundes er dette eit eventyr i eit land i bruk. Her bur folk. Rett nok ikkje så mange. Om lag 3600 på austkysten, av ei total folkemengd på 56.000 på heile Grønland – som i areal er nærare sju gonger større enn Fastlands-Noreg. Ein trur at austgrønlandarane kom hit på 1200-talet. Her levde dei relativt isolerte frå brøne sine i vest, men på 1800-talet emigrerte nærare tusen av dei via Kapp Farvel og slo seg ned i nærleiken av koloniane på vestkysten – mogleg som eit resultat av at den intensive norske selfangsten i Vestisen reduserte fangsttilgangen deira.

Kor om alt var, fann Gustav Holm 413 inuitar i Ammassalik-området på austkysten då han leidde den kjende danske konebåtekspedisjon i 1883–85. Og det er framleis i dette området austgrønlandarane i hovudsak bur. Flest i den gamle kolonihovudstaden, som no heiter Tasiilaq. Nokre få i fire småbygder i nærleiken. I tillegg til dei 469 som bur nord i Scoresbysund, staden som vart grunnlagd då Einar Mikkelsen i 1925 fekk med seg sytti menn, kvinner og barn frå Ammassalik for å vise nordmennene at Aust-Grønland nettopp ikkje var ingenmannsland.



Barnleik i det gode haustværet. Dei eldste ungane i bygda har nett flytta til Tasiilaq for å gå på skule. Foto: Harald Dag Jølle



Foto: Dag Norum

Ein føremiddag vart me invitert på grillmat av ein familie som var på helgetur. Dei var på gamle tomter på ein holme som var fråflytta i *halvfirserne*, som grønlandarane seier på sitt første framandspråk. Menyen var, uventa nok, raude danske pølser og marinerte grillskiver varma på eingongsgrill. Men far sjølv, som var oppvaksen her på staden, fortalde med stor innleving korleis isbjørnkjøtet smaka. Fangarar får årleg løyve til å felle totalt 25 isbjørn her i området, og bror hans hadde skote ein no i vinter.

Du skal ikkje ha vore lenge på Grønland før du skjønar at det er knytt mykje identitet til fangstkulturen. Dei mange forsøka danskane har gjort på å få grønlandarane til å bli fiskarar, har ikkje alltid vore like vellykka. Men vår nye ven var korkje fangar eller fiskar. Han dreiv eit kabel-TV-firma i Tasiilaq.

Og det var altså her på holmen, like etter at me hadde høyrte at det var heilt utenkjeleg å treffe på ein bjørn no på sumaren, at det kom ein bamse symjande ute i sundet. Eg veit ikkje kvar alle kom frå, men på ein blunk var det fleire småbåtar ute på fjorden som køyrde i ring rundt ein tydeleg ukomfortabel isbjørn, og etter kvart jaga han opp på isen og utover i fjorden – same veg som me hadde tenkt oss.

Eg veit det er frykteleg langt frå moderne kajakktureistar til dei gamle ishavsfararane som utforska polarområda. Men i denne vill-



Me fekk mykje fisk – og laga røye i alle variantar. Foto: Jon Vold

Han opnar ryggsekken og svære hoggtenner lyser mot meg.

marka tek eg meg av og til i å tenkje at skilnaden ikkje er så stor. Som når isen hindrar oss i å krysse ein fjord og fører til ei ekstra, rett nok ikkje overvintring, men overnatting. Eller den kvelden tåka legg seg som eit lokk, og eg blir uroa for at eit stort isfjell skal velte over oss – eller at bjørnen plutselig kjem byksande. Då gleid tankane til Nansen og Johansens desperate padletter sørover kysten av Frans Josef Land i 1895.

Men eg vart fort dregen inn i vår eiga samtid då to unge grønlandarar kjem dundrande ut mellom isflaka i ein open speedbåt. Då blir eg mint om at me er på besøk i deira kvardag. Og tankane går heller til då Nansen endeleg kom gjennom drivbelte her på Grønland – og for første gong treffe «disse meget omtalte hedningene». Nansen skreiv at det var uvant for ein europeisk nase å kome inn i teltet til grønlandarane, og han vart noko brydd av at dei gjekk kliss nakne innomdørs. Men han syntest det var ei hyggjeleg avveksling å kome til ein livleg inuitler, «som var en velgjørende modsætning til den øde taaheid, hvoraf vi hidtil havde været omgivne».



Rune Sundelin med den ferske bjørneskallen. Foto: Harald Dag Jølle

Me fekk avveksling frå tystnaden i den vesle bygda Tiniteqilaaq. Eg såg lite nakenheit, og lukta var ikkje spesiell. Folk bur i moderne hus, køyrer båtar med svære påhengsmotorar, handlar maten på butikken og heiar på Manchester United. Samstundes vart det eit spennande glimt inn i ei framand verd. Vitjinga vår var for kort til å skrive noko meningsberande om livet her i den absolutte ytterkanten av den busette verda. Men etter ein kaffi hos den franske skolestyrar en i bygda vart eg sitjande att med ei rekkje spørsmål om kva som er framtida for slike bygder som Tiniteqilaaq, med sine hundre innbyggjarar.

«**H**us er bra til sitt bruk», skriv Helge Ingstad i *Øst for den stor bre*, «men intet er så godt som det å fare med bøsse og sovepose på leden og legge veien med bikkjene hvorhen man lyster». Igjen skal eg vere varsam med samanlikninga, men padletter gjev kjensle av fri-dom. Me er kapttein på eiga skute. Me har med oss det me ønskjer for å leve eit godt frilivsliv. Me skal ingen stader og kan slå leir kvar me vil. Blir me leie av å sitje, kan me gå ein fjelltur for å strekkje beina. Bit røya godt, og det gjer ho støtt, kan me la teltet stå ei natt eller to ekstra. Men, ulikt Ingstad, har me ein returbillett etter fjorten dagar. Dessverre.

Og her sit me, tilbake på puben i austkysthovudstaden. Eg har nett vore på museet og snakka med styraren. Han styrkjer forteljinga om skilnaden mellom aust og vest – og klagar over den sentraliseringa som skjer i Nuuk. Det grønlandske glansbiletet har ikkje plass til austkysten, er omkvedet her i byen, for nasjonsbyggarane i vest er dei framleis baksida av månen.

Eg tingar ein ny øl og får selskap av ein eldre grønlandar. Han kjem frå ei av bygdene. Han er ustø i dansk, men eg skjønar han er fangar. Han fortel om alle isbjørnane han har skote, og spør om eg ynskjer å kjøpe ein skalle. Det tek litt tid før eg forstår kva han meiner, men tvilen forsvinn raskt då han opnar ryggsekken og svære hoggtenner lyser mot meg. Så det var her vår bjørn enda sine dagar, tenkjer eg og smiler. Eg skjønar eg må attende hit ein gong. Eg må lære meir om ein stad der det er mogleg å få kjøpt fersk isbjørnskalle på puben.

HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er forfatter, historikar ved Norsk Polarinstittutt og fast skribent i Dag og Tid.